



**Frigjeringsdagen og Den nasjonale veterandagen
8. mai vert markert med kransenedlegging og
program i Rosendal og på Husnes.
For nokre år sidan då 8. mai fall på ein sundag,
var markeringa lagt til Uskedalen.**

Om nokre år vil truleg 8.mai på nytt bli høgtida i Uskedalen med fokus på krigshandlingane i Herøysundet/Uskedalen 18. - 20. april 1940.

Veteranane frå FN teneste er særleg inviterte til veteransamling på Husnes. Det same er dei som enno lever og var aktive i den siste krigen 1940 - 1945.

Frigjeringsdagen har med åra fått ein annan profil.

Frå Forsvarsdepartementet vert det lagt vekt på ein verdig markering for alle FN-soldatar og andre med teneste i NATO sine fredsstyrkar.

Av Kristian Olav Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen



